

Årsmelding 2024 Sjernarøy Bygdekvinne lag

Styret har vore:

Liv Elbjørg Norheim

Bente Norheim

Benny Helgeland

Kari Hidle

Leiar

Nestleiar

Sekretær

Kasserar

Til kyrkjekaffien på hausttakkefesten 15. september hadde me mykje god mat, sa dei 53 frammøtte. Offeret gjekk som vanleg til Sambolabo-prosjektet i Kamerun.

Den 22. oktober laga me, i lag med Sanitetsforeninga, skulelunsj på Sjernarøy oppvekstsenter. 7 elevar frå 6. og 7. klasse var med oss og laga omelett, eggerøre og byggrynsgraut. Dei la brød og rundstykkje på fat og pynta fata. 5. klasse dekkja og pynta bord til ca. 55 elevar, lærarar og barnehageborn.

Me var med på 4H-festen i byrjinga av november, der me i lag med bondelaget delte ut sølvskei til det medlemmet dei to laga meinte var det beste fullførte prosjektet.

7. desember var det basar på eldresenteret, med risengrynsgraut og jule- og småkaker. Me hadde tombola for borna. Mange av dei 53 frammøtte gjekk heim med fine gevinstar.

Det har vore informasjon om basaren på plakatar og fjesboka.

Me har ikkje hatt kurs eller arrangement for innvandrarar.

Årsmøte hadde me 12. november.

På kontoen har me 41 110, 73 kr.